



Vaksdal kommune

TILLEGGSINNKALLING

FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVALET

Møtedato: 13.06.2016
Møtested: Heradshuset, Dale
Møtetid: 12:00 - 16:00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast til Sølvi Legård epost solvi.legard@vaksdal.kommune.no

Møtet startar med synfaring på Vaksdal, jfr. sak 59/2016

ORIENTERING / DRØFTING:
Diverse orienteringar frå rådmannen

SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
73/2016	SALS- OG SKJENKELØYVE FOR PERIODEN 01.07.2016 – 30.06.2020

6. juni 2016

Eirik Haga
Ordfører



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
73/2016	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	13.06.2016
	Kommunestyret	PS	

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Odd Einar Helleve	FA - U63	16/466

SALS- OG SKJENKELØYVE FOR PERIODEN 01.07.2016 – 30.06.2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Salsløyve

Søknad om salsløyve for alkohol i gruppe 1 for **Coop Prix Vaksdal** vert innvilga.
Løyvehavar er Coop Hordaland BA, org. nr. 982 594 421. Styrar for løyvet er Jane Helle.
Stedfortredar er Roy Stensland.

Søknad om salsløyve for alkohol i gruppe 1 for **Coop Marknad Stanghelle** vert innvilga.
Løyvehavar er Coop Hordaland BA, org. nr. 982 594 421. Styrar for løyvet er Ole-Henrik Nord.
Stedfortredar er Atle Hestad.

Søknad om salsløyve for alkohol i gruppe 1 for **Coop Prix Dale** vert innvilga.
Løyvehavar er Coop Hordaland BA, org. nr. 982 594 421. Styrar for løyvet er Else-Marie Mugaas.
Stedfortredar er Sigrun Bolstad.

Søknad om salsløyve for alkohol i gruppe 1 for **SPAR Dale** vert innvilga.
Løyvehavar er NG Spar Vest AS, org. nr. 954 946 478. Styrar for løyvet er Elisabeth Skjerveggen.
Stedfortredar er Anniken Svenson.

Søknad om salsløyve for alkohol i gruppe 1 for **Joker Stamnes** vert innvilga.
Løyvehavar er Stamnes Handel AS, org. nr. 912 700 801. Styrar for løyvet er Roy Stien.
Stedfortredar er Nina Demring Hagen .

Søknad om salsløyve for alkohol i gruppe 1 for **Eidsland Handel** vert innvilga.
Løyvehavar er Eidsland Handel AS, org. nr. 916 583 680. Styrar for løyvet er Christoph Meyn.
Det vert gitt fritak for stedfortredar.

Det vert gitt salsløyve på følgjande vilkår:

Sals- og utleveringstidspunkt:

Sal og utlevering av i gruppe 1 kan skje frå kl. 0800-2000 på kvardagar.

Sal og utlevering av i gruppe 1 kan skje frå kl. 0800-1800 på dagar før sundagar og helgedagar.

Sal og utlevering av i gruppe 1 skal ikkje skje på sundagar og helgedagar og på stemmedag for stortingsval, fylkestingval, kommunestyreval og folkerøysting vedteken ved lov.

Salet skal fylgjas gjeldane lovar, førsegner og retningsliner for omsetnad av alkohol. Salsløyvet kan inndragast ved brot på regelverket.

Alle verksemdar og einskildperonar nevnt i dette vedtaket skal ha god vandel i høve skatte- og avgiftsmessige tilhøve.

Alle salsløyve gjeld frå 01.07.2016 til og med 30.06.2020.

Skjenkeløyve

Verpelstad AS får innvilga alminneleg skjenkeløyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 samt løyve til å skjenke utandørs på hellelagt område utanfor selskapslokale.

Skjenketid for alkohol i gruppe 1 og 2 vert sett til kl. 1000-0230. Skjenketid for alkohol i gruppe 3 vert sett til kl. 1300-0230. Same skjenketider gjeld også for uteområdet. Jmf. vedlagte teikning.

Løyvehavar er Verpelstad AS, org.nr. 935 198 712.

Styrrar for skjenkeløyvet er Odd Reigstad. Stedfortredar er Anette Reigstad Aase.

Sjøbua v/Evelyn Eide Lode får innvilga alminneleg skjenkeløyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 samt løyve til å skjenke utandørs på uteområde/kai i tilknytning til selskapslokale, jmf. vedlagte teikning

Skjenketid for alkohol i gruppe 1 og 2 vert sett til kl. 1000-0230. Skjenketid for alkohol i gruppe 3 vert sett til kl. 1300-0230. Same skjenketider gjeld også for uteområdet.

Løyvehavar er Fjord Angora – Evelyn Eide Lode, org.nr. 869 907 162.

Styrrar for skjenkeløyvet er Evelyn Eide Lode. Stedfortredar er Torleiv Lode.

Bergsdalstunet får innvilga alminneleg skjenkeløyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 samt løyve til å skjenke utandørs på uteområda "Ripshagen" og "Tunet", jmf. vedlagte teikningar.

Skjenketid for alkohol i gruppe 1 og 2 vert sett til kl. 0900-0230. Skjenketid for alkohol i gruppe 3 vert sett til kl. 1300-0230. Same skjenketider gjeld også for uteområdet.

Løyvehavar er Bergsdalstunet, org.nr. 970 570 985.

Styrrar for skjenkeløyvet er Helge Terje Fosse. Stedfortredar er Olaug Fagerbakke.

BKK Kurscenter får innvilga alminneleg skjenkeløyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3.

Skjenketid for alkohol i gruppe 1 og 2 vert sett til kl. 0900-0100. Skjenketid for alkohol i gruppe 3 vert sett til kl. 1300-0100.

Løyvehavar er BKK AS, org.nr. 880 309 102.

Styrrar for skjenkeløyvet er Eirik Vinsjansen. Stedfortredar er Åse Hauge.

Naboen Kro & Selskapsmat får innvilga alminneleg skjenkeløyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 samt løyve til å skjenke utandørs. Dette gjeld terrasse og tilleggsareal på framsida av lokalet, jamfør sak 35/2014 FPØ.

Skjenketid for alkohol i gruppe 1 og 2 vert sett til kl. 0800-0230. Skjenketid for alkohol i gruppe 3 vert sett til kl. 1300-0230. Skjenketider for uteområdet vert sett til kl. 08.00-2400 for gruppe 1 og 2, for gruppe 3 vert skjenketida sett kl. 1300-2400.

Løyvehavar er Naboen Kro & Selskapsmat, org.nr. 911 707 616.

Styrrar for skjenkeløyvet er Jan Erik Tollefsen. Stedfortredar er Lene Bekkenes.

Nye Dale Vertshus får innvilga alminneleg skjenkeløyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 samt løyve til å skjenke utandørs på terrasse/platting og veranda i tilknytning til lokalet.

Skjenketid for alkohol i gruppe 1 og 2 vert sett til kl. 1000-0230. Skjenketid for alkohol i gruppe 3 vert sett til kl. 1300-0230. Skjenketider for uteområdet vert sett til kl.1000-2400 for gruppe 1 og 2, for gruppe 3 vert skjenketida kl. 1300-2400.

Løyvehavar er Naboen Nye Dale Vertshus, org.nr. 955 760 034.

Styrar for skjenkeløyvet er Gerry Lian. Stedfortredar er Katarina Strømsheim.

Milano pizzeria Vaksdal får innvilga alminneleg skjenkeløyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3. Skjenketid for alkohol i gruppe 1 og 2 vert sett til kl. 1000-0230. Skjenketid for alkohol i gruppe 3 vert sett til kl. 1300-0230.

Løyveharar er Milano pizzeria Vaksdal, org.nr. 917 124 264.

Styrar for skjenkeløyvet er Halis Celep.

Skjenkeløyve vert gitt med krav om at det skal vere stedfortredar.

Det vert gitt skjenkeløyve på følgjande vilkår:

Skjenkinga skal fylgje gjeldande lover, føresegner og retningsliner for omsetnad av alkohol. Skjenkeløyve kan inndragast ved brot på regelverket.

Alle verksemdar og einskildpersonar som nevnt i dette vedtaket skal ha god vandel i høve skatte- og avgiftsmessige tilhøve.

All uteservering vert gitt på vilkår om at det vert heldt alminneleg ro slik at naboar og omgjevnadane ikkje vert unødig forstyrta. Føreligg det slik klage, vert vedtak om uteservering teke opp til ny vurdering.

Alle skjenkeløyvegjeld frå 01.07.2016 til og med 30.06.2020.

Ambulerande løyve

I medhald av Lov om omsetning av alkoholhaldig drikk m.v. § 4-5 vert det gitt 2 (to) ambulerande skjenkeløyver i høve skjenking til deltakarar i slutta lag. Handsaming av desse løyvesakene vert delegert Rådmannen.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Etter alkohollova § 1-6, 2-ledd, kan kommunale løyve for sal og skjenking av alkohol verte gitt for 4 år om gangen. Etter lova er det opphør for sals- og skjenkeløyve seinast 30.juni etter at nytt kommunestyre tiltrer. Alle kommunale løyver går ut 30.06.2016.

Ved handsaming av saker som sals- og skjenkeløyve skal ein leggje til grunn dei retningsliner som er nedfelt i gjeldande rusplan.

Hensikta med at løyve vert gitt for fireårsperiode er mellom anna at det nye kommunestyret skal få mogelegheita til å vurdere alkohol politikken i kommunen på nytt. Ynskjer kommunen å leggja om politikken ved til dømes å nekte bestemte typar skjenkestader løyve, kan ein nekte slike plassar løyve, sjølv om verksemda har hatt løyve til no og «alltid hatt det». Kommunestyret kan også utvide retten til sal og skjenking dersom det ynskjer det. Poenget er at kommunestyret i utgangspunktet vert stilt fritt og ikkje har bindingar til tidlegare prioriteringar.

§1-7 a i alkohollova skildrar kommunane sine moglegheiter for skjønnsutøving ved handsaming av søknader om sals- og skjenkeløyve: «Ved vurderingen av om bevilling bør gis, kan kommunen blant annet leggje vekt på antallet salgs og skjenkestader, stedets karakter, beliggenhet, målgruppe, trafikk- og ordensmessige forhold, næringspolitiske hensyn og hensynet til lokalmiljøet forøvrig. Det kan også legges vekt på om bevillingssøker og personer som nevnt i § 1-7b første ledd er egnet til bevilling. Kommunen kan beslutte at det ikke skal gis mer enn et bestemt antall bevillinger til salg og

skjenking». Bestemmelsen gir relativt stor fridom til å styre skjenkepolitikken.

Alkohol er kategorisert i tre grupper etter alkoholstyrke:

Gruppe 1 – alkoholstyrke under 4,76 %

Gruppe 2 – alkoholstyrke 4,77 % - 22 %

Gruppe 1 – alkoholstyrke 22 % - 60 %

Det er ikkje lov og omsette alkohol med styrke over 60 %

SØKNADER OM SALSØYVE

Alle matbutikkane i kommunen har vore innvilga salsøyve for alkohol i gruppe 1. Det er i inneverande løyveperiode ikkje komme melding frå sals- og skjenkekontrollen om brot på salsøyve eller vilkår på desse.

Følgjande matbutikker har søkt om fornying av salsøyve:

Coop Prix Vaksdal

Coop Prix Dale

Coop Marknad Stanghelle

Spar Dale AS

Joker Stamnes

Eidsland Handel

Det er tidlegare gjeve fritak for stedfortredar for butikkar som Eidslandet Nærbutikk og Eksingadalen Nærbutikk. Dette er grunna i at butikkane er så små at det er berre ein fast tilsett. I slike høve gir lova adgang til å gje fritak for dette. Av butikkane som har søkt om salsøyve for perioden er det berre Eidsland handel har ein fast tilsett og ein gjev framleis fritak for dette for neste løyveperiode.

Det er sett følgjande vilkår for utøving av salsøyve:

Sals og utleveringstidspunkt:

Sal og utlevering av i gruppe 1 kan skje frå kl. 0800-2000 på kvardagar.

Sal og utlevering av i gruppe 1 kan skje frå kl. 0800-1800 på dagar før sundagar og helgedagar.

Sal og utlevering av i gruppe 1 skal ikkje skje på sundagar og helgedagar og på stemmedag for stortingsval, fylkestingval, kommunestyreval og folkerøysting vedteken ved lov.

Salet skal fylgjas gjeldane lovar, førsegner og retningsliner for omsetnad av alkohol. Salsøyvet kan inndragast ved brot på regelverket.

Alle verksemder og einskildperonar nevnt i dette vedtaket skal ha godandel i høve skatte- og avgiftsmessige tilhøve.

Alle salsøyve gjeld frå 01.07.2016 til og med 30.06.2020.

SØKNADER OM SKJENKELØYVE

Følgjande har søkt om fornying av skjenkeløyve:

Verpelstad AS

Sjøbua

Bergsdalstunet

BKK Kurssenter

Naboen Kro & Selskapsmat

Nye Dale Vertshus

Ny søknad:

Milano pizzeria Vaksdal

Verpelstad AS

Verpelstad AS søker om alminneleg skjenkeløyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3. Det vert også søkt om skjenkeløyve for uteområde i tilknytning til lokalet. Slikt løyve har vore gitt i inneverande periode. Staden vert skildra som restaurant/selskapslokale og som ikkje har spesielle opningstider, alt vert gjort på bestilling. Det vert søkt om skjenketid fram til kl. 0230 både for lokalet og uteområdet. Staden ligg skjerma for naboar, slik at det ikkje er slike omsyn å ta. Det har i inneverande periode vore gitt skjenkeløyve både inne og ute til kl. 0230.

Sjøbua v/ Evelyn Eide Lode

Sjøbua søker om alminneleg skjenkeløyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3. Det vert også søkt om skjenkeløyve for uteområde i tilknytning til lokalet. Slikt løyve har vore gitt i inneverande periode. Staden vert skildra som eit selskapslokale for slutta lag og temakveldar/andre tilskipingar etter bestilling. Det vert søkt om skjenketid frå kl. 1000-0230 både inne og ute. Sjøbua har inneverande løyveperiode hatt slik skjenketid med avgrensinga frå kl. 1300 når det gjeld skjenking i gruppe 3.

Bergsdalstunet

Bergsdalstunet søker om alminneleg skjenkeløyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3. Det vert også søkt om skjenkeløyve for uteområde i tilknytning til lokalet. Slikt løyve har vore gitt i inneverande periode med slik avgrensing: Skjenketid for alkohol i gruppe 1 og 2 er sett til kl. 1200-0300 skjenketid for alkohol i gruppe 3 vert sett til kl. 1300-0200, Bergsdalstunet serverer hovudsakleg mat som er produsert på garden. Dei har også i inneverande periode skjenkeløyve for utearealet Ripshagen og Tunet. Dette området er klart avgrensa.

BKK Kurscenter

BKK Kurscenter søker om alminneleg skjenkeløyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3. Skjenketida i inneverande periode er kl. 1000-0100 for gruppe 1 og 2, for gruppe 3 er tida kl. 1300-2400. BKK Kurscenter er eit møte og selskapslokale hovudsakleg for BKK og eigne tilsette, men og for lag og organisasjonar i eigarkommunane. Kurscenteret har overnatting og har eige kjøkken og kokk.

Naboen kro & selskapsmat

Naboen søker om alminneleg skjenkeløyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3. Det vert også søkt om skjenkeløyve for uteområde i tilknytning til lokalet. Slikt løyve har vore gitt i inneverande periode. Staden vert skildra vegkro med cateringsverksemd samt bar. Søknaden gjeld skjenkeløyve på same vilkår som før for inne og uteområde. Der er skjenketida innandørs for gruppe 1 og 2 til kl. 0800-0300 og for gruppe 3 i tida kl. 1300-0300. Skjenketida for uteområde er for gruppe 1 og 2 til kl. 0800-2400 og for gruppe 3 i tida kl. 1300-2400.

Nye Dale Vertshus

Nye Dale vertshus søker om alminneleg skjenkeløyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3. Det vert også søkt om skjenkeløyve for uteområde i tilknytning til lokalet. Slikt løyve har vore gitt i inneverande periode.

Skjenkeklassen vert skildra som ei blanding av pub, bar og diskotek. Det er dessutan tilbod om overnatting.

I skjenkeløyve for perioden 2012-2016 er skjenketida for alkohol for gruppe 1 og 2 sett til kl. 1000-0230 og for gruppe 3 sett til kl. 1300-0230. For uteområdet er skjenketida set til kl.1000-0000 i gruppe 1 og 2, for gruppe 3 kl. 1300-0000.

Nye Dale Vertshus har i den nye søknaden søkt om skjenketider frå kl. 12.00-0300.

Det aktuelle området for utandørsskjenking ligg svært nær eller i eit bustadområde. Dette kan vere ugunstig for naboar både med omsyn til lyd- og støyplager, men også fordi det kan antakast at det ferdast born og unge under 18 år i nærområdet. Det har ikkje vore merknader på slikt i løyveperioden etter det ein kjenner til. Det vert likevel rådd til at skjenketida utandørs vert halde på noverande nivå.

Milano pizzeria Vaksdal

Milano pizzeria Vaksdal er ei nystarta bedrift som held til i lokale på Vaksdal senter som søker om alminneleg skjenkeløyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3.

Staden vert skildra som restaurant som serverar italiensk pizza, pastarettar og kebabrettar.

Milano pizzeria Vaksdal søker om skjenkeløyve i opningstidene som er frå kl. 1000-2300 frå søndag til og med torsdag. Fredag og laurdag er opningstida kl. 1000-0230.

Lokalet som skal nyttast har fått pålegg frå branntilsynet om utbetringar som skal vere lukka til 01.06.2016. Dette skal no vere på plass, brannsjefen melder om at det er dei siste signala han har fått. Det føreligg avlagt kunnskapsprøve frå eigar og drivar Halis Celep. Firmaet er registrert i Brønnøysundregistrene og det er lagt fram leigeavtale med Vaksdal senter med teikning over skjenkeområde.

GENERELT OM SKJENKELØYVA

Alle søknader om skjenkeløyve vert innvilga slik det er søkt om. Unntaket er slik som omskrive nedanfor.

I alkohollova § 1-7c står det at for kvar bevilling skal det utpeikast ein styrar med stedfortredar. Det kan gjerast unntak for kravet om stedfortredar når det vil virke urimeleg m.a. på grunn av størrelsen på skjenkestaden. Milano pizza Vaksdal har i søknaden ikkje utpeikt stedfortredar. Skjenkestaden har 40 sitjeplassar og har søkt om skjenketid kl.10.00-2300/0230. Det vert vurdert at det bør utnevast stedfortredar.

I § 4-4 er står det tidsinnskrenkinga for skjenking av alkoholhaldige drikkar.

Skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 3 kan skje frå kl. 13.00 til 24.00. Skjenking av anna alkoholhaldig drikk kan skje frå kl. 08.00 til kl.01.00. Kommunestyret kan generelt for kommunen eller for den enkelte skjenkestad innskrenke eller utvide tida for skjenking i forhold til det som følger av første ledd.

Skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3 er forbudt mellom kl. 03.00 og kl. 13.00. Skjenking av anna alkoholhaldig drikk er forbudt mellom kl. 03.00 til kl. 06.00.

Konsum av utskjenka alkoholhaldig drikk må opphøyre seinast 30 minuttar etter utløpt skjenketid. Dei fleste skjenkeløyve i Vaksdal kommune har utløp kl. 02.30, unntaket er Bergsdalstunet og Naboen Kro § Selskapsmat som har til kl. 03.00. I tillegg har Nye Dale Vertshus søkt om skjenketid til kl. 03.00.

Med bakgrunn i alkohollova § 4-4 og med omsyn til likebehandling vert det tilrådd at skjenketida i Vaksdal kommune vert sett til kl. 02.30.

Det vert gitt skjenkeløyve på følgjande vilkår:

Skjenkinga skal fylgje gjeldande lover, føresegner og retningsliner for omsetnad av alkohol.

Skjenkeløyve kan inndragast ved brot på regelverket.

Alle verksemder og einskildpersonar som nevnt i dette vedtaket skal ha godandel i høve skatte- og avgiftsmessige tilhøve.

All uteservering vert gitt på vilkår om at det vert heldt alminneleg ro slik at naboar og omgjevnadane ikkje vert unødig forstyrra. Føreligg det slik klage, vert vedtak om uteservering teke opp til ny vurdering.

Alle skjenkeløyvegjeld frå 01.07.2016 til og med 30.06.2020.